

Høyanger kommune

Møtebok

Saksnr	Utval	Møtedato
09/12	Formannskapet	03.02.2009

Forvaltningsreformen - høyringsnotat om fylkeskommunen sine oppgaver i folkehelsearbeidet

Tilråding:

Formannskapet vedtek å slutte seg til saksutgreiinga som Høyanger kommune sin uttale til høyringsnotatet.

Handsama i Formannskapet - 03.02.2009

VEDTAK - samr. som tilråding.

SAKSUTGREIING

Saksbeh: Marit Nordstrand
Arkivref: 2009/116 / G10

Vedlegg

1 Høyringsnotat med lovforslag om fylkeskommuners oppgaver i folkehelsearbeidet

Bakgrunn

Høyringsuttale frå Høyanger kommune.

Dei siste 10 åra har det vore aukande merksemd på at folkehelsearbeid er viktig, og det har vore auka statleg påtrykk for å styrke innsatsen i det tverrsektorielle folkehelsearbeidet i kommunane.

Høyanger kommune inngjekk partnerskapsavtale for folkehelsearbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2005. Kommunen opplever at fylkeskommunen er ein svært viktig aktør og støttespelar i folkehelsearbeidet.

Ein ser positivt på at folkehelsearbeidet skal forankrast sterkare gjennom å gjere det til ei lovfesta oppgåve for fylkeskommunane. Ein forventar då også at fylkeskommunen får dei ressursane dei treng til å vere regional pådrivar og støttespelar for kommunane. Dette gjeld både i form av personale og i form av økonomiressursar. Det er særst viktig at fylkeskommunen kan bistå kommunane med rådgiving og rettleiing og ta ansvar for å ha ein overordna oversikt over "folkehelsestanden" i fylket. Det er ikkje sjølsagt at innsatsområdet får den nødvendige prioritering dersom innsatsmidlane blir lagt inn i rammene.

Svært mykje av folkehelsearbeidet føregår lokalt i den enkelte kommune. Slik må det vere, nær folk flest, og den store innsatsen som blir gjort både av offentlege og frivillige innan folkehelse kjem lite fram i høyringsnotatet. For å oppnå den statusen folkehelsearbeidet bør ha er det viktig at det også vert styrka og tydeleggjort i kommunane. Det bør vere eit sektorovergripande ansvar som er sjølvstendig og som får dei nødvendige økonomiske rammene som trengst til å oppprioritere arbeidet. Erfaringar tilseier at når eit område skal oppprioriterast så må midlane følgje innsatsområdet.

Partnerskapet mellom fylke og kommune og mellom offentleg og frivillig er ein viktig føresetnad for at det gode arbeidet som er i gang skal halde fram. Høyanger kommune vil presisere at det er behov for å byggje vidare på partnerskapet og at midlane bør disponerast gjennom det. Ein går difor ikkje inn for at dei blir lagt inn i rammetilskotet.

Med dagens 35 millionar til fordeling i partnerskapsavtalane vil det ikkje vere mogeleg å styrke innsatsen. Då er det fare for at arbeidet framleis vil vere prega av små stillingar og midlertidige prosjekt. For å kunne gi folkehelsearbeidet eit løft må det komme ein "folkehelsemilliard" til fordeling i fylka. I tillegg må kommunane få eigne midlar som er øyremerka folkehelse.

Høyanger kommune vil også presisere at dersom ein skal få til det sektorovergripande ansvaret som er intensjonen i folkehelsearbeide, bør ei ny lov om folkehelsearbeidet tillegge alle nivå og sektorar ansvar og ikkje la det kvile på helsetenesta åleine.